

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - C20, FE - 205	17/1092

Saknr	Utval	Type	Dato
114/2017	Formannskapet	PS	28.11.2017
	Kommunestyret	PS	

### Foreldrebetaling for idrettsskolen 2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Å vera elev i idrettsskolen skal kosta kr 800 pr. skuleår frå 1. august 2018.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn/ Fakta

Elevbetaling for idrettsskolen vart ikkje endra for 2017. Rådmannen hadde framlegg til kommunestyret om å leggja ned idrettsskolen av økonomiske grunnar frå 1. august 2017. Dette vart avvist av formannskapet, men det kom ikkje noko framlegg om nye satsar. Difor har kommunestyrevedtaket om elevbetaling frå 28.10.2015, sak 79/015 vore gjeldande også for 2017. Foreldrebetalinga for 2016 vart sett til kr. 460,- pr. år.

Deltakinga i idrettsskolen er slik dette skuleåret:

Skulekrins	Småskulen	Mellomsteget	I alt
Matre	4	1	5
Nordbygda	16	5	21
Sandnes	12	7	19
<b>I alt</b>	<b>32</b>	<b>13</b>	<b>45</b>

Mange av småskuleelevane går også på SFO og er difor fritekne for elevbetaling i idrettsskolen. Me ser òg at det må arbeidast meir med å motivera fleire til å vera med på idrettsskolen. Det er eit spørsmål kor lenge ein kan gje eit tilbod til 5 elevar. Inntekta frå elevbetalinga vil vera om lag kr 15000 for skuleåret.

#### Vurdering

Dette skuleåret kostar det kr 460 å vera elev i idrettsskolen heile skuleåret. For dette får elevane 1,5 timar opplæring kvar veke. Me kan samanlikna dette tilbodet med det som vert gitt i kulturskolen.

Der skal elevane etter formannskapet sitt vedtak frå 1. august 2018 betala kr 2250 pr år, anten dei har einetimar eller får undervisning i gruppe. Rådmannen meiner det langt på veg er rimeleg å samanlikna det tilbodet elevane får i idrettsskule og kulturskule. Då blir det kunstig med slik stor skilnad på prisen. Det er lite truleg at prisen hindrar elevar i å gå på idrettsskulen. Ei tilnærming mellom elevbetaling i idrettsskule og kulturskule vil difor vera på sin plass.

Eit 5 % påslag for to år ville gje oss ein pris på kr 485,- pr. år og vil ikkje vera noko utjamning. Ein slik pris tilseier at du betalar kr 8,50 pr. time. Rådmannen meiner at elevbetalinga i idrettsskulen må auka meir for at me kan begynna på ei tilpassing til kulturskulen og for å styrka inntektssida i budsjettet. Rådmannen vil difor gjera framlegg om å setja foreldrebetalinga i idrettsskulen til kr 800,- pr. år rekna frå 1. august 2018. Det vil seia kr 14 pr time, og vil føra til bortimot ei dobling av inntektene.

### **Konklusjon**

Å vera elev i idrettsskulen skal kosta kr 800 pr. år frå 1. august 2018.

### **Formannskapet - 114/2017**

#### **FS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Å vera elev i idrettsskulen skal kosta kr 800 pr. skuleår frå 1. august 2018.**